

Helgjødsel på beite



**Norsk
Landbruksrådgiving**

Rogaland

Ragnvald Gramstad
November 2012

Innhald

Innhald	2
Samandrag.....	2
Samarbeidspartnarar.....	2
Mål	2
Bakgrunn.....	2
Metode	3
Resultat og vurdering	3
Avling	3
Konklusjon.....	4
Vegen vidare	4

Samandrag

I 2012 har vi samanlikna Helgjødsel 18-1-10 med mineralgjødsel 18-3-15, og har fått om lag lik tørrstoffavling i sum for året.

Samarbeidspartnarar

Forsøket er økonomisk støtta av Norsk Naturgjødsel A/S. NLR-Rogaland har gjort alt arbeid omkring forsøksarbeidet og rapportskriving.

Mål

Forsøksfeltet vart etablert for å få dokumentert om ein får lik avling i beite om ein nyttar nitrogengjødsel som Urea i Helgjødsel eller ammoniumnitrat i mineralgjødsel 18-3-15.

Bakgrunn

Helgjødsel har vore nytta som mineralgjødsel i eng og beite i mange år. Dei praktiske erfaringane og tilbakemeldingane frå gardbrukarane har generelt vore positive. Både med omsyn til vekst, avling og spesielt positivt med omsyn til avbeiting. Det har likevel vorte stilt spørsmål om ein har nok dokumentasjon for virkning og avling i beite samanlikna med liknande mineralgjødsel.

Metode

Vi valde å leggja ut eit forsøksfelt (smårutefelt) med 2 ledd, 5 gjentak og 5 slåttar. Feltet vart etablert på Bioforsk Vest Særheim. Engarealet bestod av mykje fleirårig raigras, timotei, engrapp og noko kvitkløver. Jordanalysar viser pH om lag 6,0 og god fosfor og kaliumtilstand.


Om våren vart det overgjødsla med 40 kg 18-1-10 eller 18-3-15 per daa. På ledd med 18-1-10 vart det nytta Helgjødsel 30-1-1 til overgjødsling, og på ledd med 18-3-15 vart det nytta vanleg kalkammonsalpeter. Det vart brukt lik mengde N tilsvarende 5 kg/daa som overgjødsling ca kvar 5. veke.

Det vart registrert råavling og tørrstoffavling til kvar av dei 5 slåttane. I tillegg hadde vi avlingsregistrering på u gjødsla ruter.

Resultat og vurdering

Avling

Avlingsresultata er sette opp i tabellen/søylediagrammet nedanfor. Som det går fram av diagrammet så har vi hatt ei totalavling på i overkant av 900 kg tørrstoff per daa. Det er små skilnad og i praksis ingen skilnad i avlingsutslag mellom dei to gjødseltypene. Det er likevel interessant å merkja seg at u gjødsla engareal har produsert i overkant av 600 kg tørrstoff per daa. Dette skuldast mellom anna at på u gjødsla ruter fekk ein utover sommaren sterkt framvekst av kvitkløver. Landbruksjorda på Særheim har rikeleg fosfortilstand, og i tillegg høgt innhold av syreløyseleg kalium som K-HNO₃.



Konklusjon

Avlingsresultata er som alt nemnt mykje like mellom dei to gjødselslaga. Ein kunne kanskje forventa større totalavling både med omsyn til beite/graskvalitet og gjødselstyrken.

Vekstsesongen i 2012 var mykje lik 2011 med mykje nedbør og lite sol. Det er grunn til å presisera at dette er kun eitt prøvefelt/forsøk, men likevel fortel resultata mykje likt som tidlegare forsøk med bruk av Helgjødsel. Det er om lag lik verknad, og i tillegg vil Helgjødsel 18-1-10 vera eit bra alternativ som NPK-gjødsel på fosforrike kulturbeiter på Sør- og Vestlandet. Ein kan i tillegg få tilsett både kopar og eventuelt kobolt til denne gjødsla.

Vegen vidare

Helgjødsla er godt innarbeidt i næringa. Det er gjennomført mange ulike forsøk og prøvingar i både Rogaland og Agder. Resultata går i mykje same retning med om lag lik verknad brukt i eng og beite. Det får eventuelt vurderast om det er behov for meir dokumentasjon i andre produksjonar/kulturar.